
Fra: Synneve Lauvås <synneve.lauvaas@gmail.com>
Sendt: 3. november 2018 10:02
Til: Byggesak Lindås
Emne: Re: Vedrørende gbnr 116/15 Saksnr. 605 /16

Saksnummer 605/16.

Viser til tidlegare epostar rundt saggbruk på gardsnummer 116/15 i Lindås, til melding om mogleg ulovleg drift av sagbruk og epost frå Lindås kommune 5. juli i år der det står at søknad om takoverbygg til mobilsag vart trekt og ikkje handsama. No er det sett opp eit tak over saga, og eg ønskjer informasjon om dette no er søkt om, og gitt, løyve til.

Eg reknar med at saka om mogleg ulovleg sagdrift er under arbeid, og at eg får informasjon når den er ferdigbehandla.

Med vennleg helsing
Synneve Lauvås

Den tor. 12. jul. 2018 kl. 22:01 skrev Synneve Lauvås <synneve.lauvaas@gmail.com>:

Hei, og takk for informasjonen!

Då ønskjer eg å melda om mogleg ulovleg drift av sagbruk på gbr.116/15.

Med helsing
Synneve Lauvås

Den tor. 12. jul. 2018 kl. 10:58 skrev Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>:

Hei,

Når det gjeld saga viser vi til svar i førre e-post om dette. Kommunen legg til grunn at saga er til bruk for hogst og skogdrift på eigen grunn i samband med drift av egedommen. Dersom dette ikkje stemmer overeins med reell bruk er vi avhengig av at det meldast inn som mogleg ulovleg tiltak. Vi vil då følgje opp saka som ei mogleg ulovlighetssak.

Det vart i 2004 gitt løyve til oppføring av lagerbygg på egedommen. Om du ynskjer å få tilsendt informasjon om denne saka kan du sende ein e-post til postmottak@lindas.kommune.no

og be om innsyn i saka. Du må då seie kva eigedom og kva tiltak på egedommen det gjeld, så vil kommunen leite fram papir frå arkivet og sende deg.

Med helsing Per Sveinar Morsund

Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope

tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Synneve Lauvås [mailto:synneve.lauvaas@gmail.com]

Sendt: 5. juli 2018 22:15

Til: Byggesak Lindås

Emne: Re: Vedrørende gbnr 116/15 Saksnr. 605 /16

Takk for svaret!

Eg har likevel nokre kommentarar; For det første ønskjer eg **ikkje** at spørsmålet om saga vert send vidare til Ottar Lauvås.

Saga det er snakk om, er ikkje i bruk som ein del av drifta av eigedomen. Den er driven av ein person som leiger (eller låner) plass der, og den er registrert på Sørli's Mobile Sagbruk, som har org.nr. 988 631 221. Har Sørli's Mobile Sagbruk tillatelse til å driva sagbruk på denne plassen når det ikkje er for hogst og skogsdrift på eigen grunn?

I tillegg ønskjer eg informasjon rundt oppføringa av det eksisterande bygget på eigedommen. Forstår eg rett av det de skriv, at det er gitt godkjenning for bygget i 2004, slik at det er oppført etter juli 2004? Eg ber også om opplysningar om retningslinene er følgd når det gjeld nabovarsel for dette bygget.

Eg ser de skriv at de gjerne ønskjer at ein tek kontakt på telefonen. Det er ikkje så enkelt å få til når ein jobbar. (Har prøvd det før, og brukt mykje tid på å venta på svar fordi sakshandsamar var oppteken.) Håpar derfor på skriftleg svar.

Med vennleg helsing

Synneve Lauvås

Den tor. 5. jul. 2018 kl. 10:15 skrev Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>:

Til Synneve Lauvås

Vi viser til dykkar epost datert 26.06.18, vi viser vidare til svar på innsynsføresurnad send dykk 04.07.18.

Med omsyn til takoverbygget som du viser til knytt til mobil sag, så vart denne del av søknaden trekt og ikkje handsama av kommunen.

Når det gjeld sag så må nesten heimelshavar sjølv svare på kva han legg i omgrepet mobil sag, dette vart trekt ut av søknaden og ikkje handsama, vi videresender difor spørsmålet dykkar til Ottar Lauvås og ber om svar på følgjande:

Eg ønskjer å få opplyst kva som er rekna for å vera ei mobil sag. Er det nok at det er hjul under saga?

I utgangspunktet er hogst og skogdrift på eigen grunn del av LNF-føremålet så lenge det er i samband med drift av eigedomen.

Bygget på eigedomen som du viser til er søkt om og godkjent oppført i vedtak datert 06.07.04, vedlagd, når det faktisk er ført opp kan ikkje kommunen svare på. I det innlimte orhofotoet frå 2003 som de viser til så er det fleire kartlag som er aktive, eit av desse er bygningsflata som du viser til. Bygget var ikkje faktisk ført opp i 2003.

Med omsyn til brønn, eigarskap og rett til bruk så er dette reint privatrettslege høve som må løysast privat.

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: byggesak@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 51 00
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret

tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Postmottak Lindås
Sendt: 27. juni 2018 08:59
Til: Byggesak Lindås
Emne: VS: Saksnr. 605 /16

Hei,

Eg legg også inn på innsynnsak for byggesaker.

Venleg helsing

Ola R. Jordal | Sekretær - Dokumentsenteret

E-post: ola.ragnvald.jordal@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 51 67
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

Fra: Synneve Lauvås [mailto:synneve.lauvaas@gmail.com]

Sendt: tirsdag 26. juni 2018 18:43

Til: Postmottak Lindås

Emne: Saksnr. 605 /16

Eg ønskjer å stilla spørsmål til noko av det som kom fram i samband med saksnr. 605/16.

I brevet datert 09.02.17 om denne saka, står det i avsnittet "Tiltakshavar har i brev til kommunen 12.02.16 opplyst følgjande: "Sagbruket" er ei mobil sag som står der, og vert nytta av ein oljearbeidar som reiser rundt og sagar.". Eg ønskjer å få opplyst kva som er rekna for å vera ei mobil sag. Er det nok at det er hjul under saga? Den omtala saga har nemleg aldri, så vidt vi naboar har merka, vore ute av området. Tvert om, har den stått der i mange år utan "pause". Og kvifor skulle dei søkja om å setja opp tak over ei sag som skulle vidare til andre plassar? Eg ønskjer derfor ei utgreiing om sagdrift: er det tillate å driva dette kontinuerlig i eit LNF-område?

Eg ser at eg burde kome med tilsvartil denne saka i fjor. Det som står om brønnen og vasskvaliteten, t.d., er tiltakshavar sine påstandar som det ikkje er mogeleg at han har dokumentasjon på. Eitt eksempel på det, er at han har innrømme at vassåra som brønnen er laga over, vart øydelagt då han planerte ut området. At han etter det reparerte og utvida brønnen, gir ikkje han eigerrett til brønnen - dette gjorde han for å ordna opp etter seg, og retta opp i øydeleggjingane han hadde forårsaka. Han har også no sagt at brønnen er min, og ikkje hans. Eg har altså ikkje berre vassrett, men eigarskap til brønnen. Dette betyr at han i sine uttalingar til kommunen har kome med mange "syensingar" som ikkje er rette. Dette innvirkar sjølv sagt ikkje på den mellombelse dispensasjonen som var gitt av byggjesaksavdelinga, men eg ønskjer likevel å påpeika dette (sjølv om det kjem seint). Dessutan har eg tiltru til kommunen sine folk, og reknar med at tiltakshavar sine påstandar vert vurdert som påstandar. Det eg skreiv om vassåre, er sjølv sagt min påstand som ikkje kan dokumenterast, men tiltakshavar har innrømme dette sjølv.

Til slutt vil eg gjerne be om å få opplyst når bygget som er reist på gbnr. 116/15, og som viser på bilete frå 2003, var sett opp.

Det er ikkje mogeleg å sjå dokumenta i saka på kommunen si nettside - denne meldinga kjem opp når eg søkjer: "Arkivsaken er desverre ikke tilgjengelig."

Takkar på førehand for svar!

Med vennleg helsing

Synneve Lauvås

gbnr 116/30

Birkebeinergaten 1

5003 Bergen